



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref
25/3112

Dato
16. februar 2026

Tildelingsbrev 2026 – Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortingets behandling av Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Prop. 1 LS (2025–2026), jf. Innst. 16 S (2025–2026), Innst. 3 S (2025–2026) og Innst. 5 S (2025–2026), og vedtak frå Stortinget 16., 18. og 22. desember 2025.

Departementet gir i tildelingsbrevet Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet òg krav til Nkom og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for verksemda til Nkom i 2026, jf. hovudinstruks fastsett 30. januar 2025.

Vi ber Nkom ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Mål for 2026

Relevante hovudmål for Nkom basert på statsbudsjettet for 2026 er:

1. Eit godt og likeverdig posttilbod over heile landet til overkommeleg pris.
2. Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet.

For å støtta opp under desse hovudmåla, er det sett følgjande delmål for Nkom for 2026:

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for IT- og
forvaltningspolitikk

Saksbehandler
Eirik Hildal
22 24 81 84

1. Brukarane har tilbod om sikre, robuste og pålitelege datasentertjenester, posttjenester, eID-ordningar og ekomnett og -tenester i heile landet.
2. Brukarane i heile landet har tilbod om framtidretta nett og tenester til rimelege prisar.
3. Avgrensa ressursar blir utnytta effektivt.
4. Fotavtrykket frå den digitale infrastrukturen på klima og natur er redusert, og ekomsektoren sitt bidrag til å nå berekraftsmål i andre sektorar er auka.

Alle oppdrag der det er behov for nærare avklaringar av innhald eller fristar, skal diskuterast nærare i styringsdialogen. Det vil vera dialog om eventuelle supplerande oppdrag for å bidra til å oppnå desse måla før formell oversending.

2.1 Brukarane har tilbod om sikre, robuste og pålitelege datasentertjenester, posttjenester, eID-ordningar og ekomnett og -tenester i heile landet

Arbeid med sikkerheit og beredskap skal ha høgste prioritet for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i 2026.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal arbeide for at alle som er avhengige av elektronisk kommunikasjon har tilbod om sikre og robuste tenester med tilstrekkeleg tilgjengelegheit, integritet og konfidensialitet. Kritisk digital infrastruktur skal ha høg sikkerheit, robustheit og oppetid i heile landet, inkludert Svalbard. Nkom skal derfor arbeide for å redusere risiko og sårbarheit i ekomnett, datasenter og tilhøyrande infrastruktur gjennom systematisk sikkerheitsarbeid, krav til marknadsaktørar og målretta tilsyn, for å førebygge bortfall, alvorlege hendingar og langvarige utfall.

Nkom har fått ansvaret for forprosjektfasen, etablering og vidare drift av nytt nødnett. I 2026 skal Nkom arbeide vidare med prosjektet i samsvar med oppdragsbrev frå departementet frå september 2025 og ev. supplerande oppdrag. *Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur* har som mål å styrkje den digitale grunnmuren og den digitale motstandskrafta gjennom ei rekke tiltak frå 2026 til 2030. Nkom har ansvar for oppfølging og gjennomføring av tiltaka i sikkerheitsplanen, saman med andre myndigheiter og teleselskap. Gjennomføringsplanen vart forankra i Strategisk sikkerheitsråd i november 2025. Arbeidet med nødnett og gjennomføring av sikkerheitsplanen, ska ha høgaste prioritet i sikkerheitsarbeidet i 2026.

Året 2026 er peikt ut som Totalforsvarsåret, og det vil gjennom året blir gjennomført mange aktivitetar av myndigheitene for å heve, teste og evaluere beredskapen og forsvarsevna. Nkom skal i 2026 bidra aktivt til gjennomføring av totalforsvarsåret 2026, og skal arbeide for å auke evnene i ekomsektoren til å understøtte totalforsvaret.

Det er viktig at forstyrringar og uønskt påverknad i elektroniske kommunikasjonsnett blir førebygd og handtert effektivt. Nkom skal derfor prioritere arbeid mot jamming, GPS-forstyrringar og anna tilsikta eller utilsikta påverknad som kan svekke samfunnsskritiske funksjonar, beredskap og tilliten til digitale tenester.

Nkom skal gjennom effektivt tilsyn sikre at eID-ordningar er trygge, tilgjengelege og i samsvar med regelverket. Tilsynet ska bidra til å sikre tilliten til og bruk av elektroniske identifikasjonstenester i Noreg og legge til rette for grenseoverskridande bruk av eID.

Brukarar skal ha tilgang til sikre og pålitelege ekomtenester og skal vernast betre mot digital svindel. Nkom skal arbeide vidare for å førebygge digital svindel, misbruk av norske nummer og anna uønskt trafikk, for å styrkje sikkerheita for brukarane, redusere risiko for digital kriminalitet og bidra til auka tillit og trygg digital deltaking for innbyggjarar og verksemdar.

Nkom skal være nasjonal koordinerende tilsynsmyndigheit og nasjonalt kontaktpunkt overfor EU-organ og relevante myndigheiter i andre land etter forordninga om digitale tenester (DSA), og bidra til effektiv og heilskapleg gjennomføring av forordninga. Arbeidet skal bidra til ansvarleg åtferd frå tilbydarar av internettbaserte tenester og plattformer, trygge tenester for brukarane og tydeleg rettleiing og godt samarbeid mellom tilsynsmyndigheiter.

Nkom skal arbeide for å sikre at brukarar over heile landet har tilgang til gode, trygge og framtidsretta posttenester, som har forsvarleg sikkerheit i fred, krise og krig.

Styringsparameterar og rapportering

- Beskriving av status og framdrift i arbeidet med nødnett og sikkerheitsplanen
- Beskriving av tiltak for å fremja tillit til ekomtenester- og nett, inkludert talet på hindra svindelforsøk ved bruk av ekomtenester (spoofing, phishing osv.)
- Beskriving av gjennomførte tilsyn på post-, ekom- og datasenterområdet
- Beskriving av gjennomførte tilsyn for å sikre trygge og effektive eID-ordningar
- Sikkerheit og tilgjengelegheit i mobil- og fastnett. Nkoms vurdering av og rapportering på sikkerheita og tilgjengelegheita i mobil- og fastnett skal baserast på tilgjengeleg statistikk og data, og skal innehalda ei skildring av status og av Nkom sitt bidrag.

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
1	I fellesskap med NVE gjennomføre tiltak som effektivt bidrar til å styrke samhandlinga mellom ekom- og kraftsektorane ved utfallshendingar, med særleg fokus på informasjonsdeling som bidrar til raskare gjenoppretting.
2	I fellesskap med Justervesenet og i samsvar med eige oppdragsbrev følgje opp utgreiinga av nasjonal tidsteneste
3	Utgjeie og vurdere om det for å vareta forsvarleg sikkerheit er nødvendig og forholdsmessig å auke krava til reservestraumkapasitet i mobilnetta ut over eksisterande krav i vedtak frå 2014.
4	Etablere og leie eit nasjonalt tilsynsnettverk for DSA, og ha operative funksjonar for rettleiing, behandling av førespurnadar og tilsyn når regelverket trer i kraft i Noreg.
5	Identifisere behov for regelverksendingar, tilsynsrutinar og rettleiing til sektoren, som ledd i arbeidet med å sikre at posttenestene har forsvarleg sikkerheit og oppfyller framtidig regulering, under dette krav etter ny postlov og NIS2-direktivet.

2.2 Brukarane i heile landet har tilbod om framtidsretta nett og tenester til rimelege prisar

Nkom skal òg i 2026 prioritere arbeid med å tilrettelegge for auka konkurranse, investeringar og kostnadseffektiv utbygging av fastnett og mobilnett, slik at sluttbrukarar opplever auka valfridom. Nkom skal tilrettelegge for at breibandkundane i Noreg har gode moglegheiter for

å velja mellom fleire tilbod om fast breiband med høg kapasitet til rimeleg pris. Nkom skal tilrettelegge for tre konkurransedyktige mobiloperatørar, som skal kunne konkurrera både i bedrifts- og privatmarknaden. Nkom skal prioritere å vurdere kva for konsekvensar nyleg utvikling i mobilmarknaden vil kunne få for konkurransen i privat- og bedriftsmarknaden, og ved behov foreslå eller vedta regulering som legg til rette for berekraftig konkurranse.

Nkom skal følgje postmarknaden tett, og aktivt samle inn marknadsdata som kan leggje til rette for ei effektiv regulering av postmarknaden. Nkom skal førebu implementeringa av og endringar i postregelverket.

Særskilt om kunstig intelligens

Nkom skal i 2026, som nasjonal koordinerande marknadstilsynsmyndigheit og nasjonalt kontaktpunkt overfor EU-organ og relevante myndigheiter i andre land etter KI-forordninga, legge til rette for ei effektiv og heilskapleg gjennomføring av dette regelverket.

Nkom skal prioritere etableringa av den regulatoriske KI-sandkassen. Vidare skal Nkom fortsetje arbeidet saman med Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet for å sikre godt koordinert og samordna rettleiing om kunstig intelligens.

Styringsparameterar og rapportering

- Geografisk dekning av høgfartsbreiband
- Geografisk dekning av mobilnett, og spesifikt om 5G-dekning
- Konkurransen i mobil-, breibands- og postmarknadene
- Beskriving av tiltak for å fremja inkluderande ekomtenester

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
6	Bidra i arbeidet med implementering av GIA i norsk rett, inkl. arbeidet med høyringsnotat.
7	Berekna dei totale kostnadane og nødvendig offentlig støttebehov for å nå målet om breiband med 100 Mbit/s til alle. Frist: 1. juli 2026.
8	Føre kontroll med at krava i oppdragsbrevet for breibandtilskot blir overhaldne, inkludert at krava som følgjer av statsstøttereglane blir følgde.
9	Gjere naudsyste førebuingar, under dette identifisere behov for forskriftsendringar, tilsynsrutinar og rettleiing til sektoren, for å oppnå målsettinga for nytt postregelverk om gode, trygge og framtidsretta posttenester i heile landet.
10	Etablere og leie det nasjonale tilsynsnettverket for KI-forordninga og ha operative funksjonar for rettleiing, behandling av førespurnadar og tilsyn når regelverket trer i kraft i Norge.
11	I samband med etableringa av KI Noreg bidra i arbeidet med ein felles portal som skal fungere som éin nasjonal inngang til felles informasjon og rettleiing om ansvarleg utvikling, bruk og innovasjon med kunstig intelligens, kor Digitaliseringsdirektoratet skal leie arbeidet, ha hovudansvaret for drifta av portalen og sørge for effektiv samordning mellom involverte etatar. Frist: avtalast etter nærare dialog.

2.3 Avgrensa ressursar blir utnytta effektivt

Nkom skal leggja til rette for vidare utbygging av mobilkommunikasjon, inkludert 5G, ved at aktørane kan ta i bruk relevante frekvensressursar når dei ønskjer det. Tilgjengeleggjering av riktig spektrum til riktig tid er ein føresetnad for at samfunnet kan få tilgang på ny, sikrare og meir framtidsretta mobilteknologi og -tenester. Nkom skal arbeida for at frekvensar, nummerseriar, domenenamn og IP-adresser blir forvalta og blir tildelte med sikte på ein mest mogleg effektiv og berekraftig utnytting av desse avgrensa ressursane. Dette for å leggja til rette for konkurranse, samfunnsviktige investeringar, innovasjon og næringsutvikling.

Hovudprioriteringane på dette området i 2026:

- å vurdere eventuelle konsekvensar av nyleg marknadsutvikling for eksisterande frekvensløyve
- å innrette komande frekvenstildelingar slik at dei tek omsyn til marknadsutviklinga

Styringsparameterar og rapportering

- Frekvensløyve til brukarar som vil testa ny teknologi for innovasjon og næringsutvikling
- Tilrettelegging for at frekvensband for mobilkommunikasjon og 5G kan takast i bruk når marknaden ønskjer det.

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
12	Tildele 1500MHz-bandet
13	Etablere ei ordning for tildeling av frekvensressursar i 26GHz-bandet
14	Utarbeide ein pilot knytt til beredskapsbruk av 2,3 GHz-bandet, og i lys av dette vurdere tildeling av ressursane og endelege vilkår for bruk og deling av bandet.
15	Gjennomføre prosess for tildeling av løyve for radiokringkasting på FM.

2.4 Fotavtrykket frå den digitale infrastrukturen på klima og natur er redusert, og ekomsektoren sitt bidrag til å nå berekraftsmål i andre sektorar er auka

For det norske velferdssamfunnet og ein berekraftig økonomi, er det avgjerande å lykkast med den digitale og grøne omstillinga – òg kalla digital berekraft. Dette er eit prioritert satsingsområde i Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030. Nkom skal arbeide systematisk for å fremje netto positiv digital berekraft, stimulere til innovasjon og næringsutvikling knytt til digital infrastruktur og digitale tenester og styrkje samarbeidet nasjonalt og internasjonalt.

Oppfølging av datasenterstrategien og betaversjonen av ein berekraftsindeks, skal ha høgste prioritet på dette området i 2026. Når betaversjonen av ein berekraftsindeks som Nkom no utviklar er lansert og evaluert, skal Nkom i samråd med departementet vurdere om indeksen bør vidareutviklast til ein nasjonal indeks som viser status og utvikling i digital berekraft.

Styringsparameterar og rapportering

- Beskriving av tiltak og aktivitetar for å redusere fotavtrykket den digitale infrastrukturen har på klima og miljø
- Rapportere på framdrift i arbeidet med indeks for digital berekraft
- Rapportere på identifiserte juridiske plikter, rettar og moglegheiter relevant for arbeidet med digital berekraft

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
16	Bistå DFD i oppfølginga av datasenterstrategien, under dette etablere eit offentleg-privat bransjesamarbeid mellom ekommyndighetene og bransjeaktørane, for å sette felles mål og formulere felles visjonar knytt til auka og varig berekraft, og i dette arbeidet vurdere ei mogleg energimerkeordning for datasenter i Noreg.

3. Andre føresetnader og krav

3.1 Fellesføringar 2026

3.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Nkom skal følge opp dette målet. I dette arbeidet skal det takast omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i verksemda.

Nkom skal også vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

Nkom skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, samt auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

3.1.2 Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgivarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit hensiktsmessig ambisjonsnivå ut frå eigenarten til og storleiken på verksemda.

Nkom skal i årsrapport opplyse om talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026 og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Verksemda skal også omtale utviklinga i 2026 sett opp mot det verksemda har rapportert for 2025.

3.1.3 Redusere konsulentbruken

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse.

Nkom skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast.

Nkom skal i årsrapporten for 2026 rapportere om konsulentbruken og oppfølginga av fellesføringa, under dette om totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva for tiltak som er sette i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der konsulentar blir nytta i særleg grad, skal bakgrunnen for dette omtalast nærmare.

Nkom skal som ein del av rapporteringa også gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Dersom utgifter til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda i note til årsrekneskapen spesifisere dette nærmare. Dersom verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette gå fram særskilt.

3.2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsføring i samsvar med SRS

Frå 1.1.2026 skal Nkom føre og utarbeide ein verksemdsrekneskap etter periodiseringsprinsippet i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. pkt. 3.3.2 i reglement for økonomistyring i staten, og i tråd med rundskriv frå Finansdepartementet. Dette kjem i tillegg til månadleg rapportering til statsrekneskapen etter kontantprinsippet.

Denne teksten erstattar føringa i hovudinstruksens punkt 4.2.4 fram til neste revisjon.

Årsrapportens del *II Introduksjon til verksemda og hovudtal* må òg oppdaterast slik at hovudtal ikkje bruker omgrepet utgifter, men kostnader.

3.3 Effektivisering i eiga verksemd ved m.a. bruk av kunstig intelligens

Nasjonale kommunikasjonsmyndigheit si eiga verksemd må innrettast slik at oppgåver blir løyst mest mogleg effektivt. I Digitaliseringsrundskrivet er det ei anbefaling om at verksemdar bør ha ein plan for bruk av KI for å løyse oppgåver meir effektivt. Nkom skal derfor vurdere korleis bruk av kunstig intelligens kan bidra til å løyse eigne oppgåver meir effektivt, og ha ein plan for dette. Nkom skal òg sørge for at tilsette har god kjennskap til verksemda sine rutinar for bruk av kunstig intelligens.

Nkom skal omtale arbeidet med effektivisering og bruk av KI i eiga verksemd årsrapport.

3.4 Samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet

Nkom skal i 2026 halde fram med å ta ei aktiv rolle i arbeidet med førebuingar til og gjennomføring av nye reguleringar knytt til dømes digitale tenester, dataøkonomi og kunstig intelligens.

Dei siste åra har EU vedtatt ei lang rekke regelverk på det digitale området. Desse er, eller er i ferd med å bli, gjennomførte i norsk rett. Fleire av regelverka legg opp til at rettleiing og tilsyn kan delast mellom fleire nasjonale organ. Både Digitaliseringsdirektoratet, Datatilsynet og Nkom har, eller må rekne med å få, oppgåver etter fleire av desse regelverka. Nokre oppgåver kan vere til dels overlappende.

I 2025 inngjekk Digitaliseringsdirektoratet, Datatilsynet og Nkom ein overordna samarbeidsavtale med formål om mellom anna å fremje samarbeid om nye regelverk på det digitale området. I 2026 skal verksemdene mellom anna samarbeide om å etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga, og arbeide vidare med korleis dei skal samordne rettleiinga om KI med utgangspunkt i ny nasjonal organisering på kunstig intelligens. I 2026 skal verksemdene fortsetje arbeidet med dialog og samarbeid.

3.5 Arbeid med utvikling av styringsverktøy og styringsdokument

Det er viktig å arbeide kontinuerleg med forbetring av styringsdialogen. I 2025 har det blitt einigheit om å arbeide vidare med sentrale verktøy og dokument i denne dialogen.

DFD ber Nkom om å ta initiativ til ein prosess der DFD og Nkom arbeider tett saman for å forbetre risikovurderingane i styringsdialogen, og til ein annan prosess der DFD og Nkom saman går gjennom tildelingsbrevets struktur med sikte på forenkling og forbetring i tildelingsbrevet for 2027. Målstrukturen og -formuleringane skal vurderast i arbeidet.

3.6 Rapportere om deltaking i internasjonale samarbeid

DFD ser behov for ei samla oversikt over Nkoms deltaking i internasjonale samarbeid, og ber om ein kortfatta rapport med oversikt over dette innan 31. mars. DFD ber vidare om at ei oversikt over deltakinga blir innarbeidd i dei årlege årsrapportane frå og med årsrapporten for 2026, og vil fastsette dette som eit krav ved neste oppdatering av hovudinstruks for Nkom.

3.7 Støtte departementa i internasjonale forpliktingar og prosessar

Nkom skal aktivt fremje forankra norske posisjonar og interesser i relevante internasjonale fora, både globalt og europeisk.

Globalt skal Nkom i 2026 støtte Samferdselsdepartementet i varetakinga av norsk medlemskap i Administrasjonsrådet i Verdspostforeininga. I europeisk samanheng vil det i 2026 være særleg viktig å følgje oppstarten av arbeidet med EUs nye «Delivery Act» tett.

På teleområdet skal Nkom i 2026 bidra i førebuingane til og gjennomføringa av ITU-fullmaktskonferansen.

4. Budsjettløyvingar

4.1 Budsjetttrammer 2026

I tråd med Stortingets vedtak blir følgjande tildelt som utgifter og fastsett som inntekter for Nkom i 2026:

Utgifter

Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit		(tal i tusen kr)
Post	Betegnelse	Budsjett
01	Driftsutgifter	297 726
22	Nytt nødnett, <i>kan overførast</i>	100 000
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	18 264
70	Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i>	401 161
71	Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overførast</i>	10 000
Sum kap. 1543		827 151

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter. Regulering, tilsyn og ressursbruk skal målrettast mot område med størst risiko og betydning. Nkom skal føre risikobasert og effektivt tilsyn med marknadane.

Løyvinga på kap. 1543, post 01 er auka med 7,8 mill. kroner til arbeid knytt til kunstig intelligens, jf. beskriving av rolla Nkom er tildelt innanfor KI-feltet i Prop. 1 S (2025-2026) for DFD. Av denne auken skal eitt årsverk setjast av til arbeid med den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga. Vidare er løyvinga på post 01 auka med 7,5 mill. kroner til arbeid knytt til forordninga om digital tenester (Digital Services Act – DSA), jf. beskriving av rolla Nkom er tildelt i Prop. 1 S (2025–2026) for DFD.

Løyvinga på kap. 1543, post 22 er ny og skal gå til å dekke utgifter i samband med prosjektet for nytt nødnett. Departementet viser til omtalen i Prop. 1 S (2025–2026) for DFD og til omtale under kap. 2.1 ovanfor.

Løyvinga på kap. 1543, post 45 skal mellom anna brukast til måleutstyr til analyse- og tilsynsverksemd på radiofrekvensområdet, vidareutvikling av Nkoms IT-løysingar og -utstyr, og utvikling av analysemodellar som blir brukt i arbeidet med reguleringa av marknadane.

På kap. 1543, post 70 skal midlar mellom anna gå til beredskapsavtalar, forsterka ekom i nye kommunar, styrking av infrastrukturen i sårbare regionar, mobilbasert befolkningsvarsling og tiltak knytt til Svalbard. Løyvinga er auka med om lag 200 mill. kroner. Departementet viser til omtalen i Prop. 1 S (2025-2026) for DFD og til omtalen av oppfølging av *Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur* under kap. 2.1 ovanfor.

Det skal etablerast ei innkjøpsordning for funksjonell internettilgang. Rammene er fastsette i forskrift om innkjøpsordning for funksjonell internettilgang. Nkom skal forvalte ordninga i tråd med forskrifta, når ho har tredd i kraft. Nkom skal sikre at bruken av midlane skjer i samsvar med EØS-regelverket for offentlig støtte, og skal forvalte ordninga innanfor løyvinga på kap. 1543, post 71. Midlar til å administrera ordninga er løyvd på kap. 1543, post 01.

Inntekter

Kap. 4543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

(tal i tusen kr)

Post	Betegnelse	Budsjett
01	Diverse gebyrer	346
70	Inntekter fra gjennomførte frekvensauksjoner	583 600
	Sum kap. 4543	583 946

På kap. 4543 er det budsjettet med 346 000 kroner i gebyrinntekter, og som i hovudsak består av gebyr knytt til løyve for radioamatører og gebyr for radioutstyr i luftfartøy.

På kap. 4543, post 70 skal inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar førast. Alle vinnarane i auksjonen av frekvensbanda omkring 2,6 og 3,6 GHz til mobilkommunikasjon og 5G som vart halden i september 2021 valde å betala auksjonsprovenyet over tid. Anslått inntekt i 2026 frå denne auksjonen er 583,6 mill. kroner.

Kap. 5579 Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

(tal i tusen kr)

Post	Betegnelse	Budsjett
70	Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	312 377
	Sum kap. 5579	312 377

Sektoravgiftene og gebyra skal i hovudsak dekke Nkom sine utgifter som er budsjettet på kap. 1543, postane 01 og 45, og meirverdiavgift på kap. 1633, post 01. Sektoravgifter for å dekke kostnadane med å administrere ordninga for å tildele 5-sifra nummer, blir òg inntektsført på denne posten.

Løyvinga på posten er auka med 7,5 mill. kroner slik at Nkom kan følge opp ansvaret som nasjonal koordinator etter DSA, jf. omtale under kap. 1543, post 01.

4.2 Tildeling av midlar på andre budsjettkapittel

4.2.1 Arbeid med prosjektet for nytt nødnett

Nkom har fått ansvaret for forprosjektfasen, etablering og vidare drift av nytt nødnett. I 2026 skal Nkom arbeide vidare med prosjektet i samsvar med oppdrag frå departementet.

Nkom blir med dette tildelt 20 mill. kroner frå kap. 451, post 01 i 2026. Midlane skal gå til å dekke løn og andre kostnadar for tilsette.

Kontaktperson i DFD: Thor Arne Aass.

4.2.2 Implementering av DSA i norsk rett

Av oppdrag 4 i dette tildelingsbrevet går det fram at Nkom skal etablere og leie eit nasjonalt tilsynsnettverk for DSA, og ha operative funksjonar for rettleiing, behandling av førespurnadar og tilsyn når regelverket trer i kraft i Noreg.

Oppdraget er følgt opp med auka løyving på kap. 1543, post 01 og ei tilhøyrande inntektsløyving på kap. 5579, post 70, jf. kap. 4.1 ovanfor.

Det er nødvendig å førebu arbeidet med innkreving av sektoravgifter på kap. 5579, post 70 for arbeidet med DSA.

Nkom blir med dette tildelt 0,4 mill. kroner over kap. 1541, post 22 til dette arbeidet.

DFD ber om å bli involvert i utarbeiding av konkurransegrunnlag ved ev. eksterne utlysingar, om å få presentert ein førebels rapport før endeleg rapport ligg føre, og elles om tett dialog mellom Nkom og departementet i det vidare arbeidet.

Kontaktperson i DFD: Karin Skyllingstad

4.2.3 Indeks for netto berekraft frå digitalisering

Av tildelingsbrevet for 2025 går det fram at Nkom skal utvikla og lansera ein betaversjon av indeks for digital berekraft. Prosjektet held fram i 2026.

Nkom blir med dette tildelt 3 mill. kroner over kap. 1500, post 21 til dette prosjektet i 2026.

DFD ber om å bli halde orientert om arbeidet undervegs og før lansering.

Kontaktperson i DFD: Jarl Kristen Fjerdingsby.

4.2.4 Økonomiske konsekvensar for brukarane på Svalbard med nytt fibersamband

I supplerande tildelingsbrev nr. 5 for 2025 blei Nkom bede om å vurdere økonomiske konsekvensar for brukarane på Svalbard som følgje av etablering av nytt fibersamband til Svalbard. Det skal utarbeidast ei oversikt over estimerte økonomiske konsekvensar for brukarane på Svalbard.

DFD tildeler med dette 0,6 mill. kroner over kap. 1541, post 22 til utgreiingsarbeidet.

DFD ser det som føremålstenleg med eit oppstartsmøte for arbeidet, der detaljar om oppdraget og plan for arbeidet blir avklart.

Frist for oppdraget: 1. september 2026 (gitt at nødvendige avklaringar ligg føre i tide).

Kontaktperson i DFD: Bjarte Sørhus.

5. Fullmakter

Departementet delegerer budsjettmessige fullmakter til Nkom for budsjettåret 2026 som omtalt nedanfor.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene Nkom har fått delegert i instruks av 30.01.2025.

5.1 Fullmakt til å fatte enkeltvedtak og gi forskrift om utrekning og betaling av avgift til statskassa for bruk av frekvensar og løyve til bruk av 5-sifra nummer

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2025–2026), jf. Innst. 3 S (2025–2026), vedtok Stortinget 18. desember 2025 følgende:

“Frekvens- og nummeravgift

§ 1 Fra 1. januar 2026 skal det i henhold til ekomloven betales avgift til statskassen for bruk av frekvenser til drift av system for mobilkommunikasjon (frekvensavgift) med følgende beløp per MHz (frekvensdupleks) disponert båndbredde:

- 450 MHz-båndet	kr 1 562 000
- 700- MHz-båndet	kr 1 781 000
- 800 MHz-båndet	kr 1 781 000
- 900 MHz-båndet	kr 1 781 000
- 1800 MHz-båndet	kr 1 781 000
- 2,1 GHz-båndet	kr 1 648 000

§ 2 For 2026 skal det i henhold til ekomloven betales avgift til statskassen for tillatelse til bruk av femsifrede nummer (nummeravgift) med følgende beløp per nummer:

- Kategori A	kr 175 240
- Kategori B	kr 124 860
- Kategori C	kr 96 050
- Kategori D	kr 67 260
- Kategori E	kr 31 250
- Kategori F	kr 3 890

§ 3 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet kan fatte enkeltvedtak og gi forskrift om beregning og betaling av avgiften."

DFD delegerer disse fullmaktene til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

5.2 Fullmakt til å innhente inntekter ved tildeling av løyve

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2025–2026), jf. Innst. 5 S (2025–2026), vedtok Stortinget 22. desember 2025 følgende:

“Inntekter ved tildeling av tillatelser

§ 1 Fra 1. januar 2026 kan det med hjemmel i ekomloven kreves vederlag til statskassen ved tildeling av tillatelser.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet kan gi forskrift om beregning og betaling av beløpet."

DFD delegerer denne fullmakta til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

5.3 Fullmakt til å inngå leigeavtaler og avtaler om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta blir gitt på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.3.

6. Rapportering og resultatoppfølging

6.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

Tidspunkt for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026, og dessutan fristar for innspel i budsjettprosessane i 2026 og budsjettprosessane for seinare år, kjem fram av i vedlegg 1.

Nkom har ansvaret for å krevja inn auksjonsproveny og frekvensavgifter. Etaten skal ha system og god kontroll for denne inntektsoppfølginga, og skal sørge for god dokumentasjon av prosessane. DFD viser spesielt til at dei fire vinnarane i auksjonen av frekvensar i 2,6 GHz- og 3,6 GHz-banda i 2021 har valt å betala auksjonsprovenyet i avbetalingar over fleire år. Departementet ber derfor om at det ved rapporteringar på budsjett- og rekneskapsstatus i juni 2026, blir rapportert på status for innkrevjing av frekvensavgifter og auksjonsproveny.

6.2 Årsrapport og årsrekneskap

Nkom skal senda årsrapporten for 2026 til departementet innan 15. mars 2027, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstilla krava i Hovedinstruks for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Rapporten skal innehalda rapportering om måloppnåing, oppdrag og styringsparameterar omtalt i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 2 Mål for 2026 og pkt. 3. Vidare skal Nkom i årsrapporten for 2026 gjere greie for inntektsoppfølginga. For årsrapporten for 2026 skal det òg rapporterast på fellesføringane, og nærare føringar for rapporteringa vil følgja av rundskriv, jf. pkt. 3.1 ovanfor.

Nkom skal senda ein korrekt, dekkjande og komplett årsrapport til DFD. Årsrapporten skal ikkje endrast etter han er send til DFD, med mindre særskilde forhold gjer det nødvendig.

7. Budsjettmessige føresetnader

Nkom har ansvar for å planleggja verksemda i 2026 slik at etaten kan nå måla innanfor løyvingssammene som er gitt i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

Nkom kan ikkje overskrida utgiftsløyvingane eller bruka dei til andre formål enn føresett av Stortinget, jf. løyvingreglementets § 5. Unntaket er viss det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 5 i dette brevet.

Nkom har ansvaret for å setja i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov løyvingssauke. DFD føreset at Nkom rapporterer om vesentlege endringar i budsjettføresetnadene omgåande.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Vedlegg (1):
Styringskalender for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet i 2026.

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen
Samferdselsdepartementet

Vedlegg 1

Styringskalender for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet for 2026

Måned	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Rapportering til statsregnskapet ¹	januar 2026
Februar	Innspel til RNB 2026	20.02.2026
Mars	Etatsstyringsmøte 1/2026	05.03.2026
	Årsrapport for 2025	15.03.2026
Mai	Innspel til rammefordeling 2026	30.04.2026
	Innspel til Prop. 1 S for 2026	30.04.2026
Juni	Budsjett- og rekneskapsstatus per 30.5 med prognose ut året	12.06.2026
	Etatsstyringsmøte 2/2026, inkl. status og risikovurdering	23.06.2026
	DFD oversender utkast til tekst til Prop. 1 S for 2027	26.06.2026
Juli	Ev. varsel frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit om behov for større endringar i 2. halvår 2026, nysalderinga	26.06.2026
September	Innspel til nysaldert budsjett 2026	18.09.2026
Oktober	Tertialrapport 2. tertial, inkl. budsjett- og rekneskapsstatus per 31.8 med prognose ut året	02.10.2026
	Innspel til tildelingsbrev for 2027	02.10.2026
	Etatsstyringsmøte 3/2026	23.10.2026
November	Innspel til nye satsingar og innsparingsforslag for 2028	02.11.2026
	Møte om tildelingsbrev 2027	13.11.2026
Desember	Innspel til konsekvensjustering for 2028, og spesifisering av 01-posten, fordelt på 01-1 og 01-2.	04.12.2026

¹ Retningslinjer for årsavslutningen for 2025 mv. er gitt i rundskriv R-8/2025, oversendt ved brev av 01.12.2025.